



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Administrasjonsutvalet

Møtedato: 14.06.2016
Møtestad: Stordalen fjellstove
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

012/2016 Garantiløn for tilsette med 20-års ansiennitet - ny handsaming

10. juni 2016

Karstein Totland
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 522	15/963

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2016	Administrasjonsutvalet	PS	14.06.2016

Garantiløn for tilsette med 20-års ansiennitet - ny handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune lønsplasserer tilsette med 20 års lønsansiennitet til garantiløn, pr. 1.5 2015 kr 377 400,-. Lokale tillegg vert ikkje lagt til lågaste grunnløn.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka er tidlegar handsama i administrasjonsutvalet i sak 013/2015. Saka vart utsett i påvente av ei meir utgreidd saksframstilling.

Saksutgreiing ADM 013/2015

Bakgrunn

I Hovudtariffavtalen kap. 4 er det slått fast at pr. 1.5 2014 skal tilsette med minimum 20 års ansiennitet ikkje skal ha lågare grunnløn enn kr 364 000,- i 100% stilling. Frå 1.5 2015 er minsteløna for denne gruppa auka til kr 377 400,- i 100% stilling. I praksis vil dette gjelde tilsette i stillingar utan særskild krav til utdanning, ufaglærte. I B-rundskriv 3/2015 frå KS er det presisert at garantien ikkje er ein del av lønssystemet i kapittel 4.

Masfjorden kommune har lønsplassert ufaglærte tilsette med 20 års ansiennitet i samsvar med garantiløna.

Uttale

KS har i samband med denne saka svart :

«Løna justerast opp til kr 377 400,-. Kor vidt kommunen ønskjer at lokalt tillegg skal leggjast på toppen av nemnte beløp vil vere ei personalpolitisk vurdering. Tariffrettsleg er kommunen ikkje forplikta til å leggje lokale tillegg på toppen av lågaste grunnløn på kr 377 400,-«

Vurdering

Når kommunen følgjer ordlyden i tariffavtalen, kan konsekvensen bli at lokale tillegg vert «spist opp» av auken i garantiløna. Som eit eksempel kan vi ta ein tilsett som pr. 1.5 2014 hadde ei minsteløn på kr 364 000,- i samsvar med tariffavtalen, og kr 13 000,- i lokale tillegg. Til saman vert dette ei årsløn på kr 377 000,-. Etter lønsplassering 1.5 2015 vert årsløna kr 377 400,-, og lønsutviklinga frå 2014 til 2015 kr 400,-. Vi kan forstå at dette er lite tilfredstillande for dei det gjeld,

men vi kan og sjå på det som om dei har hatt kr 13 000,- over garantiløn i eit år før mellomoppgjeret i 2015.

Eit anna moment i saka er lønsplasseringa i forhold til fagarbeidarstillingar. Garantiløna til fagarbeidarar med 10 års ansiennitet er kr 381 900,-. Ein fagarbeidar med 20 års ansiennitet har same garantiløn som etter 10 år. Konsekvensen av å leggje lokale tillegg på toppen av garantiløna til ufaglærte kan bli at dei får høgare løn enn faglærte med same ansiennitet.

Konklusjon

Masfjorden kommune lønsplasserer tilsette med 20 års lønsansiennitet til garantiløn, pr. 1.5 2015 kr 377 400,-. Lokale tillegg vert ikkje lagt til lågaste grunnløn.

Ny utgreiing

Ved gjennomgang av personalet finn vi at vi har 24 tilsette i stillingar utan krav til til særskild utdanning, og som har over 20 års ansiennitet. Av desse 24 tilsette er det 14 som har hatt lokale tillegg frå kr 2 500 til kr 13 000. Auken i garantiløn for tilsette med 20 års ansiennitet frå 2014 til 2015 var kr 13 400, og Masfjorden kommune plasserte alle tilsette med 20 års ansiennitet på garantiløn utan at lokale tillegg vart lagt på toppen av lågaste grunnløn. Om kommunen hadde lagt lokale tillegg på toppen av garantiløna hadde dette utgjordt ein kostnad på om lag kr 64 000. Ved å legge lokale tillegg på toppen av garantiløna ville dette gje årslønner til desse tilsette på mellom kr 379 900 til kr 390 400.

Avgjerdta om å følgje ordlyden i tariffavtalen, var ikkje berre eit spørsmål om kroner, men og ei avveining opp mot tilsette i fagarbeidarstillingar. For tilsette i fagarbeidarstillingar var toppløn etter 10 års ansiennitet kr 381 900. I Masfjorden kommune er det 46 fagarbeidare med minst 20 års ansiennitet. Årsløn på desse varierer frå kr 381 900 til kr. 412 400. 24 tilsette av desse vill fått lågare årsløn enn tilsette utan krav til utdanning om lokale tillegg vart lagt på topp av garantiløn for tilsette med 20 års ansiennitet. Om Masfjorden kommune ønskjer at fagutdanna skal ha høgare årsløn enn ufaglærte, og justerer opp årsløna slik at minste årsløn for fagutdanna med 20 års ansiennitet verk kr 390 500, vil dette gje ein kostnad på om lag kr 83 000.

Frå tariffoppgjøret 2016 er garantiløn ved 20 års ansiennitet teken ut av tariffavtalen. Alle stillingsgrupper har no 16 års ansiennitetsstige.

Konklusjon

Masfjorden kommune lønsplasserer tilsette med 20 års lønsansiennitet til garantiløn, pr. 1.5 2015 kr 377 400,-. Lokale tillegg vert ikkje lagt til lågaste grunnløn.